



## DELEGASJONSREGLEMENT FOR PROSTAR I MØRE BISPEDØMME

### Ikrafttreding

Dette delegasjonsreglementet gjeld frå 01.10.2009. Biskopen kan til kvar tid inndra delegert mynde.

### 1. Mandat for biskopens mynde

Biskopen har mynde med heimel i eiga tenesteordning (TOB) med tilhøyrande negativt avgrensa arbeidsgivarmynde og den styringsrett som følgjer med arbeidsgivaransvaret. Avgrensingane ligg i vedtekne lover, forskrifter o.l. som regulerer prestane sine arbeidsforhold og i bispedømmerådet sitt økonomiansvar og positivt avgrensa arbeidsgivarmynde (tilsetjing, oppseiing, ordensstraff, avskil og suspensjon). Vidare har biskopen tenesteplikter og mynde heimla i vedtak i kyrkjemøte og departement.

### 2. Generelt om forholdet mellom prost og biskop

I Tjenesteordning for biskoper (TOB) § 14, , heiter det: ”Biskopen er prostens nærmeste overordnede og har prostene som sine medhjelpere i utøvelsen av sin gjerning. Biskopen kan delegere myndighet etter §§ 2, 10 og 11 første ledd til prosten.”

I § 1 i Tjenesteordning for proster (TOP) er det sagt at prosten ”bistår biskopen i dennes embetsutøvelse”.

Dette forstår vi slik at prosten kan hjelpe biskopen med alle oppgåver som ligg til bispeembetet, men det er berre tale om delegasjon når prosten får mynde til ta avgjerder, ikkje når det vert lagt saksførebuande oppgåver eller oppgåver som handlar om å gjennomføre eit vedtak som er teke, til prosten. Gjeremål som ligg til biskopen personleg (bispetenesta), vert ikkje delegerte.

Avgjerdsmynde i sokn der prosten er sokneprest, vert ikkje delegert.

### 3. Saksbehandlingsreglar

I saksbehandlinga vil forvaltningslova og offentleglova gjelde, jf. kyrkelova § 38, og dessutan andre lover som mållova og arkivlova.

Prostane sine vedtak etter dette delegasjonsreglementet skal i hovudsak vere skriftlege. Dei skal opplyse om heimel og vise til rettsgrunnlaget og dei momenta som vedtaket byggjer på. Biskopen er klageinstans, og dette må opplysast til dei vedtaket retter seg mot. Klagefristen er 3 veker.

Før vedtak vert gjort, må saka vere tilfredsstillande opplyst. Vedtaket skal som hovudregel grunnjevast.

I personaladministrative saker der arbeidstakarorganisasjonane har informasjons-, drøftings- og forhandlingsrett, jf. Hovudavtalen i stataen og tilpassingsavtaler til denne, må det for dei sakene som er delegerte til prosten, utviklast tenlege ordningar mellom tenestemannsorganisasjonane lokalt og prostane. På bispedømeplan vil ordninga med kontaktmøte vidareførast.

Prostane må journalføre og arkivere dokument i samsvar med krava for offentleg forvaltning, jf. m.a. arkivlova, og det må etablerast gode rutinar for personalmapper i samråd med bispedømekontoret. Aktuelle vedtak etter dette delegasjonsreglementet skal oversendast bispedømekontoret etter nærare fastsett ordning.

#### **4. Delegasjonar med heimel i Tjenesteordning for biskoper (TOB)**

##### § 1 (Tilsyn)

Biskopen fører tilsyn med at dei kyrkjelege råd i bispedømet utfører sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske læra. Det kan ikkje delegerast, men prostane hjelper biskopen også i dette m.a. ved å følgje opp biskopens visitasar gjennom årlege prostebesøk der prosten også møter sokneråd og fellelråd, og elles i sitt arbeid etter TOP § 1-3 og 6.

##### § 2 (Leiing av prestetenesta)

Det trengst ingen særskild delegasjon til prosten her. Etter TOP § 4 tar prosten seg av arbeidsgivars styringsrett overfor prestane i prostiet. Prosten sitt ansvar ligg innanfor dei rammer som gjeld for arbeidslivet generelt og prestetenesta spesielt og etter dei retningslinjer som er fastsette av biskop og bispedømeråd. Prosten skal alltid rette seg etter instruksjonar som biskopen måtte gi, både generelt og i enkeltsaker.

##### § 3 (Forordningar)

Prosten får delegert mynde til å ”prøve ut” mellombels endringar i gudstenesteforordninga for inntil 1 år innanfor gjeldande økonomiske rammer for bispedømeråd og kyrkjeleg fellelråd. Desse endringane skal meldast biskopen før iverksetjing. Det gjeld ikkje talet på forordna gudstenester totalt sett i soknet, men omfordeling innanfor dette talet.

##### § 10 (Forretting utanfor eige prosti ved ordinerte prestar i Dnk)

I lys av Tjenesteordning for menighetsprester (TOM) § 12 er det i praksis ikkje nødvendig å delegere mynde etter første ledd. Mynde etter andre ledd blir ikkje delegert.

##### § 11 (Deltaking frå representantar for andre kristne trussamfunn)

Prosten får delegert myndet til å gje representantar for andre kristne trussamfunn løyve til å preike og medverke på annan måte i forordna gudstenester og ved kyrkjelege handlingar, og til å gje ordinerte prestar frå dei trussamfunna Den norske kyrkja har avtale om utvida kyrkjefellesskap med, løyve til å forrette gudstenester og kyrkjelege handlingar etter ordningane i vår kyrkje.

Biskopen delegerer ikkje myndet til å gje ordinerte prestar frå andre kristne trussamfunn enn desse løyve til å forrette gudstenester og kyrkjelege handlingar, heller ikkje myndet til å gje dispensasjon frå kravet om kyrkjemedlemskap.

#### **5. Delegasjon etter Personalreglement for prester i Den norske kirke**

##### § 2 (Tilsetjing av korttidsvikar)

Prosten får delegert mynde til å tilsetje prestevikar for inntil tre månader. Dette må gjerast innanfor bispedømet sine personalpolitiske retningslinjer og økonomiske rammer fastsette av bispedømerådet. Uordinert vikar må vere godkjend av biskopen. Prosten sender framlegg til arbeidsavtale til stiftsdirektøren, som underteiknar på vegner av biskopen.

##### §19 (Studiepermisjonar)

Prosten får delegert mynde til å innvilge permisjonar på bakgrunn av tildelt stipend frå REU.

## **6. Andre delegasjonar**

Prosten får mynde til å godkjenne gudstenestestader som kan nyttast for vigsel, jf. Vigsel, allmenne føresegner pkt. 3. Det vert understreka at det berre er stader som elles vert nytta til gudsteneste, som kan godkjennast. Prosten fører ei oppdatert liste over godkjende stader for vigsel og legg henne ved årsrapporten.

Prosten får mynde til å godkjenne at diakon eller lek kristen forrettar gravferd, jf. Gravferd, allmenne føresegner pkt. 9. Prosten syter for at den som vert godkjend, også får nødvendig opplæring i utføring av tenesta. Det vert understreka at ei slik godkjenning ikkje inneber at prest eller prost kan påleggje fellestrådstilsette å utføre arbeid.

Prosten får mynde til å fatte vedtak i enkeltsaker der det er usemje om val av musikk eller tekst, jf. Tjenesteordning og kvalifikasjonskrav for kantorer § 7.

IMI/ML 25.09.09